



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/101 - 17/2493

Saksbehandlar:
Arthur Kleiveland
arthur.kleiveland@radoy.kommune.no

Dato:
24.02.2017

Omklassifisering av f.v 565 Marås-Soltveit - uttale Radøy kommune

Radøy formannskap har handsama sak om høyring knytt til omklassifisering av fv 565 Marås-Soltveit til kommunal veg i samband med bygging av ny fv 565 på denne strekninga.

Formannskapet gjorde i møte 23. februar 2017 - sak 010/2017, følgjande samrøystes vedtak:

FS - vedtak:

1. Radøy kommune protesterer mot at deler av noverande FV 565 vert omklassifisert til kommuneveg i samband med bygging av ny Fylkesveg over Radøy.

Radøy kommune avviser saka i denne omgangen. Fylkeskommunen kjem her med framlegg til endringar for eit veganlegg, som enno kun er i planleggjingsfasen. Nordhordlandspakken er heller ikkje vedteken. Me ber Fylkeskommunen koma tilbake med ny vurdering når vegen er ferdig bygd.

Omlegging av fylkesveg har ikkje vore del av vilkåra for bygging av ny veg, og burde såleis vore med i drøftingane tidlegare. Me reagerer på at fylkeskommunen her sender ei uføresett rekning. Det er ikkje midlar i kommunale budsjett å drifta 11 km med tilleggsvegar. Dersom Ffylkeskommunen skal overføre vegar til kommunane, må det i så fall følgja økonomiske driftsmidlar med.

Vidare har me gått gjennom tidlegare vedtak av omklassifisering, og me kan ikkje sjå at fylkeskommunen fører ei konsekvent linje i omklassifiseringa. Me noterer oss at Fylkeskommunen gjennomgåande vedtek omklassifisering av Fylkesvegar til kommunane, medan det i mindre grad vert gjort overfor Statens Vegvesen. Det burde vore omvendt. Med tilvising til nylege vedtak der det ikkje vart omklassifisert ved Slæen i Voss, Skjervet i Voss og ved Børve i Kvam, så krev Radøy kommune likehandsaming med desse, og forventar at fylkeskommunen framleis eig både noverande og ny FV 565 over Radøy.

2. Det vert forutsett at vegane har tilfredsstillande standard, jf. NA-rundskriv nr 13/97, før omklassifiseringa evt. trer i kraft. For å sikra dette meiner Radøy kommune at det bør gjennomførast synfaring av den enkelte vegstrekning, der representantar frå Statens vegvesen, Hordaland

fylkeskommune og Radøy kommune tek del. Utbetringstiltak skal vera gjennomført før overtaking
finn stad.

Med helsing

Arthur Kleiveland
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

Leikanger